

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
141/09	FORMANNSKAPET	02.12.2009	Rolf E. Nøstdal
	KOMMUNESTYRET	17.12.2009	Rolf E. Nøstdal

Arkivsaknr. 09/725	Arkiv: FE-150
--------------------	---------------

BUDSJETT 2010 - ØKONOMIPLAN 2010-2013

Rådmannen si tilråding:

1. Austevoll kommunestyre vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2010 og økonomiplan 2010-2013 med følgjande endringar:
2. Austevoll kommunestyre vedtek rådmannen sitt framlegg til investerings- og finansieringsbudsjett for 2010-2013 med følgjande endringar:
3. Austevoll kommunestyre vedtek at det ved utskrivning av skatt på formue og inntekt for 2010 vert høgste sats lagt til grunn.
4. Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på "verk og bruk", "næringsseigedomar" og fiskeoppdrettsanlegg" for 2010 med 7,0 promille (høste sats). Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.
5. Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på andre eigedomar for 2010 med ein skattesats på 3,0 promille. Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.
6. Austevoll kommunestyre vedtek at med bakgrunn i eit oppsamla underskot på 30,8 mill. kroner, og den generelle økonomiske situasjonen, vert søkt om å få driftskreditten på 30,0 mill. kroner fram til 01.05.2010 og 25 mill. ut året. Frå mai 2010 vil ein få effekt av innsparingstiltaka.

7. Austevoll kommunestyre vedtek at renteinntekter frå fondsmidlar for 2010 ikkje vert lagt til fonda, men går inn i drifta.
8. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån på inntil 9,9 mill. kroner til finansiering av investeringar i 2010. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra.
9. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp startlån på kr. 4.000.000,- for 2010 for vidare utlån. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra.
10. Austevoll kommunestyre godkjenner at det vert nytta inntil 2,0 mill. kroner av premiefonda i Vital og KLP til dekking av pensjonskostnader i 2009

...

Vedlagte saksdokument:

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2010.
2. Rådmannen sine kommentarar til budsjett og økonomiplan.
3. Oversikt på innsparing 2010 og årseffekt
4. Innkome merknader og uttaler

Bakgrunn for saka:

Etter § 44 skal kommunestyret vedta ein økonomiplan etter tilråding frå formannskapet. Første året i økonomiplanen vil vera årsbudsjett 2010. Årsbudsjett og økonomiplan vert difor lagt fram for kommunestyret som ei sak.

Formannskapet har vedteke at for 2010- budsjettet skal politisk nivå tidlegare inn i budsjettprosessen. Budsjettprosessen så langt har vore følgjande:

- I juni vart det sendt ut eit budsjettnotat til alle avdelingane.
- Det har vert to samlingar med formannskap og alle leiarane.
- Leiarane har utarbeide utfordringsnotat.
- Formannskapet har hatt arbeidsmøte med rådmann og etatsleiarar.
- Rådmann har hatt møte med alle leiarane og informert om status etter arbeidsmøte med formannskapet.

Ut over dette har det vert ein rekke administrative arbeidsmøte.

Årsbudsjettet og økonomiplanen skal liggja ute til offentleg ettersyn i minst 14 dagar før førehaving i kommunestyret.

Kommentarane til budsjett og økonomiplan er utarbeidd i samsvar med rådmannen si tilråding til budsjett og økonomiplan. Etter at formannskapet har vedteke tilråding til kommunestyret, vil det bli utarbeida kommentarar i samsvar med vedtak frå formannskapet.

Innkomne merknader og uttaler til budsjett og økonomiplan vil verta lagt ved saka etter kvart som dei kjem inn.

Vurdering:

Rådmannen sitt budsjettframlegg for 2010 har ei økonomisk ramme på 284,8 mill. kroner. Budsjettet er i balanse. Det er i budsjett satt av 2. mill. kroner til uventa utgifter og 5 mill. til nedbetaling av akkumulert underskot. Det vil si at vi har 277,8 mill. kroner til drift av Austevoll kommune.

Vidareføring av aktivitetsnivået 2009, vil gå langt ut over dei inntektene som vi har til rådvelde for 2010. Aktivitetsnivået må derfor endrast slik at det er i samsvar med dei inntektene som kommunen har. Enkelte område i budsjett må styrkast sett i forhold til budsjett 2009, til dømes legetenesta. Andre område må reduserast eller bli tatt heil bort for å få balanse.

Investeringsbudsjett 2009 har ei økonomisk ramme på 29,2 mill. kroner. Dette inkluderer fiskerihamn i Bekkjarvik med 12,8 mill. kroner.

Investeringsbudsjettet er i hovudsak finansiert ved ordinære låneopptak og tilbakebetaling av forskott på vegbygging.

Eigedomsskatten ver vidareført på same nivå som 2009. Tenester innanfor Plan- og bygningslova skal vere sjølvfinansierande og avgiftsnivået blir tilpassa dette.

Rådmannen sin førebelse forslag til endra drift vart lagt fram for formannskapet på arbeidsmøte 25.11.09 og gjelder følgjande område:

Handling
Sentraladministrasjonen
Auka inntekter overordna planlegging
Auke husleige omsorgsbustader med kr. 1000 pr mnd fra april 2010
Auke gebyr på kart og oppmåling
Tilskot landbruk utgår i tillegg til auka delingsgebyr
Redusere åpningstid sentralbord til kl. 10-14
Vedlikahald kommunale veier består kun i brøyting
Bruk av premiefond Vital
Undervisning & Kultur
Møkster skule legges ned
Kolbeinsvik Skule legges ned
Småtun Barnehage legges ned, lite innsparing i 2010
Redusere 0,4 % stilling skulekontor
Ta bort halvparten av psykologi tenestene
Selbjørn SFO Legges ned
Felles administrasjon med Ungdomsskulen og Vaksenopplæringa, inga innsparing i 2010
Redusere tilbudet i kulturskulen

Alle tilskot til kulturformål går ut
Redusere vedlikehold Austevollshallen
Reduksjon rammetimetil til sammen 3 stillinger
Helse & Sosial
Reduseres Psykiatrisk sjukepleieteneste til 1 stilling
Halvere tilbudet på avlastning barn på Stangeland Gård
Redusere kjøp av tenester v/Sosialkontortenester
Nattevakt heimesjukepleien, redusere med 1 stilling
Selbjørn PO Senter og omsorgsrom legges ned, dobbeltrom storebø PO senter må nyttast
Helsestasjonen/jordmorteneste reduserer med 90% stilling
Eidsbøen Bufellesskap reduserer med 1. stilling
Nedlegging aktivitet Sjukeheim

Det vil bli lagt fram til formannskapsmøte eit eige notat på kor stor innsparinga blir i 2010 og heilårseffekt for 2011. I notatet er det også ført inn ein del korrigeringar, mellom anna eit auka anslag på frie inntekter fordi skatteinngangen november i år var særdeles god.

Det vert elles vist til det som går fram av eige kommentarhefte til budsjett og økonomiplan.

Notat

Til:

Austevoll kommunestyre

Kopi til:

Frå :

Rolf E. Nøstdal

Vår ref.

09/725- 09/13635/REN

Arkivkode

FE-150

Dykkar ref.**Dato**

01.12.2009

OVERSIKT PÅ INNSPARING 2010 OG ÅRSEFFEKT

Utgangspunkt for budsjettarbeidet 2010 var å rekne på kostnadene ved å drive Austevoll kommune som hausten 2009. Inntektene 2010 viser at det ikkje er mogleg å fortsette med same aktivitetsnivå neste år. Rådmannen la derfor fram ei førebels forslag til innsparing til formannskapet sitt arbeidsmøte 25.11.09. Administrasjonen har arbeidet med å kvalitetsikre forslaga i tillegg til å leggje inn forslag frå møtet i formannskapet, til dømes reduksjon til kontrollutvalet. Tabellen nedanfor viser endringane som er gjort og syner rådmannen si tilråding til formannskapet 02.12.09.

Administrasjonen har rekna på årseffekten for 2010 der ein har lagt inn at fleire av tiltaka vil ein minst bruke 4 månader på å gjennomføra. Det har vert arbeida med å kvalitetsikra innsparing med å leggje ned Selbjørn sjukeheim. Etter drøftingar med avdelingsleiarar, har ein korrigert innsparingspotensialet til 4, 4 mill. dvs. ein noe høgare pleiefaktor enn fyrst rekna på og meir i samsvar med rapport frå KPMG.

Fylkeskommunen skal dekke veglys til fylkes- og riksvegar, ein vil derfor kunne redusere utgifta til veglys. Moms frå investering er lagt inn og pensjonskostnadene er reduser ut i frå erfaringstal. Dei frie inntektene er auka med ca. 1.6 mill. kroner dette pga. særdeles god skatteinngang i november.

Viser elles til liste nedanfor.

Forslag til nedskjæringer budsjett 2010

Handling	Framlagt for formannskapet 25.11.2009		Rådmannens tilrådning 02.12.2009	
	Innsparelse Årseffekt	Innsparelse 2010	Innsparelse årseffekt	Innsparelse 2010
Kontrollutvalget	0		-40 000	-40 000
Økonomikontor	0	0	-29 000	-29 000
Auka inntekter overordna planlegging	-132 600	-132 600	-201 000	-201 000
Auke husleige omsorgsbustader med kr. 1000 pr mnd fra april 2010	-540 000	-360 000	-540 000	-360 000
Auke gebyr på kart og oppmåling	-300 000	-300 000	-282 600	-282 600
Tilskot landbruk utgår i tillegg til auka delingsgebyr	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Redusere åpningstid sentralbord til kl. 10-14	-221 500	-203 042	-221 500	-203 042
Vedlikahald kommunale veier består kun i brøyting	0	0		
Vegljos	0	0	-657 000	-657 000
Reduksjon Lønsauke 2010	0	0	-232 000	-232 000
SUM Sentraladministrasjonen	-1 294 100	-1 095 642	-2 303 100	-2 104 642
Undervisning & Kultur				
Møkster skule legges ned	-622 500	-259 375	-914 400	-381 000
Kolbeinsvik Skule legges ned	-1 442 000	-600 833	-1 440 001	-600 000
Småtun Barnehage legges ned, lite innsparing i 2010	0	0	0	0
Redusere 0,4 % stilling skulekontor og overføre til redusert utbetaling private barnehager	-224 000	-224 000	-222 000	-222 000
Ta bort 50% av psykologi tenestene	-350 000	-262 500	-328 000	-246 000
Selbjørn SFO Legges ned	-980 750	-408 646	-980 750	-395 750
Felles administrasjon med Ungdomsskolen og Vaksenopplæringa	0	0	0	25 000
Redusere tilbudet i kulturskolen	-200 000	-83 333	-204 000	-84 000
Alle tilskot til kulturformål går ut	-498 900	-498 900	-498 900	-498 900
Redusere vedlikehold Austevoll Idrettsanlegg	0	0	-75 000	-75 000
Redusere vedlikehold Austevollshallen	-38 500	-38 500	-38 500	-38 900
Reduksjon rammetimetil til sammen 3 stillinger	-1 350 000	-562 500	-1 310 400	-546 000
SUM Undervisning og kultur	-5 706 650	-2 938 588	-6 011 951	-3 062 550
Helse & Sosial				
Jordmor overføres til Helsestasjon. Helsestasjon redusere med 90% stilling	-458 000	-305 333	-491 700	-327 800
Reduseres Psykiatrisk sjukepleieteneste til 1 stilling	-1 209 600	-806 400	-1 200 000	-800 000
Halvere tilbudet på avlastning barn på Stangeland Gård	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
Redusere kjøp av tenester v/Sosialkontortenester	0			
Nattevakt heimesjukepleien, redusere med 1 stilling	-700 000	-466 667	-700 000	-466 667
Selbjørn PO Senter og onsgsrom legges ned,	-7 000 000	-4 666 667	-4 425 000	-2 950 000
Eidsbøen Bufellesskap reduserer med 1. stilling	-500 000	-333 333	-573 000	-382 000
Nedlegging aktivitor Sjukeheim	-509 300	-339 533	-532 550	-355 033
Kvalitetssikting lønn Helse & Sosial	0	0	0	-278 967
Sum Helse og sosial	-10 676 900	-7 217 933	-8 222 250	-5 860 467
Bruk av premiefond Vital	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000

Arbg,abg på sjukepengar ikkje teke hensyn til	-787 700	-787 700	-787 700	-787 700
Redusert rentekostnad	0	0	-800 000	-800 000
Momskompensasjon Investeringer	0	0	-2 000 000	-2 000 000
Redusert pensjonskostnad inkl arbeidsgiveravgift	0	0	-3 949 022	-3 949 022
	0	0		
SUM innsparing	-20 465 350	-14 039 863	-26 074 023	-20 564 381

Budsjett 2010 - Austevoll kommune

Formannskapet budsjettframlegget 2010 er basert på rådmannen sitt tallbudsjett med tilhøyrande kuttliste lagt fram 25.11.09.

Formannskapet er opptatt av dette i samband med budsjett 2010:

- ”Å setje tæring ette næring”
- Budsjettet skal styre aktiviteten, aktiviteten skal ikkje styre budsjettet
- Austevollingane skal få gode tenester for dei midlane som kommunen har fått til rådvelde

I budsjettdokumentet synleggjer Formannskapet elles ei rekkje styringssignal til administrasjonen, herunder politiske prioriteringar og kommentarar til dei tiltak rådmannen foreslår for å kunne drive kommunen innanfor dei rammene som er til rådvelde. Der formannskapet ikkje har kommentert noko legg vi rådmannen sine tal og tiltak til grunn.

Nøkkeltal:

Austevoll kommune har frå regjering / storting og gjennom egne inntekter fått tildelt **284.196mill,-** til drift i 2010. Når sum til nedbetaling av oppsamla underskott frå perioden 1998 til 2004 og pott til resserve er tatt bort står det att **278.196 mill** til fordeling til drift. Vår felles utfordring er å disponere det som er disponibelt til beste for austevollingane. Formannskapet legg til grunn KS sin modell for å berekne frie inntekter for 2010 med tillegg at justering for folketalet pr 1.10.09 der Austevoll har auke i folketalet på 48 personar.

Driftsbudsjettet 2010:

Rådmannen la 25.11 fram ei kuttliste. Det er kutt utifrå dagens drift og ikkje utifrå 2009 budsjettnivå. At nokre deler av kommunen i 2009 har overskredet budsjettet kan ikkje vera styrande for rammene i 2010. Formannskapet er samd med rådmannen at drifta må reduserast i forhold til det nivået som er dagens drift. Det er rett og slett ikkje disponible rammer til å helde fram ein slik situasjon.

Formannskapet vil gjera slik endring i driftsbudsjettet i høve det rådmannen har foreslått:

Skulestruktur

Formannskapet ynskjer ikkje å leggje ned Møkster og Kolbeinsvik skular i samband med budsjett 2010.

Kultur, idrett og frivillig sektor

Formannskapet ynskjer ikkje å ta bort all form for tilskott til kultur, idrett og frivillig sektor. Dette er viktige poster for å få folk til å trivast i Austevoll. Skal me ha mål om å helde fram den positive trenden med auke i folketalet må fritidstilbodet vera godt. For Formannskapet er det difor uaktuelt å ta bort alt dette. Midlane vert tilbakeført. Politisk nivå vil komma attende til disponering av midlane og vurdere kva som skal vera fast tilskott og kva som skal lysast ut.

Kulturskulen

Formannskapet viser til at Austevoll er blant dei kommunane som bruker mykje på kulturskule. Kultur, idrett og fritidsaktiviteter er eit satsingsområde for kommunen jmf punkt om kultur.

Difor ynskjer Formannskapet heller ikkje å ta bort 200.000 frå kulturskulen. Midlane vert ført attende til budsjettet, men det vert sett på om deler av ressursane i kulturskulen kan inngå i liv og lyst prosjektet som kommunen sin lokale andel. Det vil og gje oss mulighet å få meir ut av kulturkronene ved å sjå alle verkemidlane i sammenheng.

Aktivitet

Formannskapet ynskjer å behelde ein stilling som kan skape aktiviteter på sjukeheimane, men sett i lys av framlegget om å ha ein sjukeheim kan ein slik stilling kombineres med andre formål også. Me tenkjer på aktivitet i liv og lyst, folkehelse og gjerne frivillighet. Formannskapet vil og sjå på mulighet å få til fleire tilbod til gruppa psykisk utviklingshemma og vil at det skal vurderast i denne sammenheng. Det er naturleg at denne stillinga høyrer inn under kultur / samfunnsutviklingsfeltet til kommunen. Kommunen må og søke om få deler av stillinga delfinansiert gjennom desse andre aktivitetene.

Barnevern

Formannskapet peiker på at barnevernbudsjettet er styrka i 2010 i forhold til 2009. Kommunestyret har auka budsjettet med 600.000,- Rådmannen foreslår ytterlegare auke. Det kan ikkje Formannskapet tilrå. Auke på 600.000 frå 09 til 10 må vera tilstrekkeleg og barnevernstenesta må dimensjonere sin aktivitet til denne ramma. (600.000 vert tatt ut av budsjettet)

Basseng

Formannskapet vil legge inn i investeringsbudsjettet midlar til å kjøpe naudsynt utstyr til bassenga for å spare straum og få ein betre og lettare drift av bassenga. Formannskapet forventar ein innsparing på straum i budsjettet. (100.000 tatt ut av driftsbudsjettet)

Papirlause møter

Formannskapet vil innføre papirlause politiske møter i Austevoll ved å investere i politikkarar pcar og då kunne sei opp kopimaskinavtale, utgifter til papir, trykking og porto. Samt å gje administrasjonen ein lettare arbeidssituasjon når kopidagane går bort. (100.000 tatt ut av budsjettet som innsparing)

SFO

Formannskapet reduserer og ramma frå 2 til 1 mill til SFO i Austevoll. Men Formannskapet forventar at me skal finne løysingar innanfor ramma som sikrer SFO minst ved dagens skular og gjerne fleire. Andre kommunar får mykje meir SFO tilbod ut av tilsvarande beløp som Austevoll no har til rådvelde. Det må Austevoll og få til. Private løysingar med tilskott frå kommunen må vurderast.

Småtun barnehage

Formannskapet vil ikkje konkludere med framtida til Småtun i budsjettssamanheng. I mai 2010 vil regjeringa varsle korleis barnehagesektoren vert finansiert i 2011 og utover. Formannskapet vil ha den kunnskapen før konklusjon vert gjort. Fram til ferien vil Småtun halde fram med dagens lokale og må drivast på ein lønnsam måte med dei barn barnehagen er godkjent for.

Kaier og vegar

Formannskapet ynskjer at administrasjonen ser på moglegheten av å hente inn kaileige frå kommunale kaiar. Desse inntektene øyremerker Formannskapet til vedlikehald av kommunale vegar og kaiar.

Vegljos

Formannskapet viser til at Hordaland fylkeskommune overtar ansvaret for veglys på fylke og riksvegsnettet frå 1.1.2010.

Bokkjøp bibliotek

Formannskapet sett av ytterlegare 50.000 til bokkjøp i 2010. Bakgrunnen for to år med små rammer er det store overforbruket i 2007. Frå 2010 vil posten ta seg opp att.

Mva kompensasjon av investeringar

Formannskapet ynskjer å bruke mva komp frå investeringane til å gje reduksjonane gjennomsnittleg 9 mnd effekt i 2010. Rådmannen får tilført pott til å fordele slik at reduksjonane kan ta ulik tid, men gjennomsnitt 9/12 effekt i 2010 og full effekt i 2011.

Legetenesta

Formannskapet vil tidleg i 2010 sjå på organiseringa av legetenesta og vurdere forhold som legestruktur, tal på legeheimlar osv. Sak om dette vert fremma til politisk handsaming første kvartal.

Investeringsbudsjettet:

Startlån i Husbanken

Formannskapet sett av 7 mill i 2010 til dette tiltaket. Det er god bustadsosialpolitikk å ha ei større ramme her for å hjelpe innbyggjarar som treng det inn på bustadmarknaden. Alternativet kunne vært andre ordningar som kostar kommunen pengar.

Folkehelse

Formannskapet sett av 250.000 årleg til tiltak for å fremme folkehelse. Dette er forberedelse på vår nye oppgåve i samhandlingsreform og også tiltak for å auke trivsel i kommunen.

Sjukeheim på Storebø

Formannskapet vil umiddelbart sette i gong arbeid med utbygging av Storebø pleie og omsorgsenter og også vurdere andre helsetenester i området. Sak om korleis planlegginga skal gjennomførast må fremmast til første møte i 2010. Politisk nivå skal vera styringsgruppe for prosjektet. 5.000.000,- vert ført opp i 2010.

Basseng

Formannskapet sett av 250.000 til investering i investeringsbudsjettet.

Utover dette sjå tabell under.

Rapportering:

Formannskapet sin budsjettmodell i 2010 er at fyrst finner man ut kva som er disponibelt og så blir det som er disponibelt fordelt til drift. Korleis etatane fordeler midlane er ikkje viktig for politisk nivå så lenge sluttsommen er hellig. Ein slik budsjetteringsmodell gjev rådmannen stor fleksibilitet og handlingsrom til å styre ressursbruken innanfor dei ulike tenesteområda. Til dømes kan personalressursar nyttast fleksibelt på tvers av resultateiningar (dynamisk bemanningssirkulasjon). Vonleg vil dette gje ein effektiv ressursbruk, som resulterer i flest og best moglege tenester til innbyggjarane, tilpassa vekslende behov i kommunen. Modellen stiller

imidlertid store krav til dialog, prosessar og rapportering internt i den kommunale organisasjonen, - mellom einingane og etatsjefar/rådmann og mellom rådmann og politisk nivå.

Formannskapet legg til grunn at rådmannen har ekstra merksemd rundt dette gjennom budsjettåret 2010. Tiltak av prinsipiell karakter, samt vesentlege endringar av tenestilbudet (nivå, omfang og struktur), må fremjast for politisk handsaming så fremt dei ikkje er klarert gjennom budsjettprosessen. I tillegg må rådmannen ha ekstra merksemd på oppfølging av budsjetttrammene på einingsnivå. Dersom prognosar syner fare for overskridingar, må korrigerande tiltak utgreiast, evt. fremjast for politisk handsaming og setjast i verk umiddelbart.

Formannskapet legg til grunn at rapport om økonomien vert klar den 15. i kvar måned etter rapporteringsmånaden. Dette er den viktigaste administrative oppgåva å få til å fungere. Det er viktig å forankre rapporteringa gjennom heile organisasjonen. Rådmannen må og rapportere status i gjennomføringa av tiltaka som budsjettet legg opp til.

Tallene – Endringar i høve rådmannen sine tall 25.11:

Budsjett 2010		
Endringer i høve adm sitt tallgrunnlag 25.11 og kuttliste 25.11:		
Handlinger / Endringer	Sum	Kommentar
Skatteinntekter ihht statsbudsjettet	-1 646,0	Legge KS sin prognose til grunn
Skatteinntekter pga folketalsauke 4503 innbyggere	-350,0	Ta hensyn til folketallet pr 1.10.09 og ikkje 1.7.09 slik at dei 48 nye austevollingane i 3 kv tel med
Rente	-800,0	Samsvar med administrasjonen sin budsjettjustering 27.11
Reduksjon kontrollutval	-40,0	
Inntektlege av skulebygg	0,0	Nivå over 10.000,- pr skule går inn i pott "til rådvelde kultur / samfunnsutvikling"
Kaileige	-200,0	Tallene blir sett på og må vera samme som neste linje
Auka vegvedlikehald	200,0	Tallene blir sett på og må vera samme som forrige linje
Møkster skule - ikkje nedlegging	622,5	
Kolbeinsvik skule - ikkje nedlegging	1 442,0	
SFO - Ikkje spesifikk på Selbjørn, men over heile linja	0,0	Ynskje om vurdering av private løysingar, sjølvkost, redusert bemanning, auka betaling osv
Kulturskulen	200,0	
Kulturføremål går ikkje ut. Settes alt på fond til kultur / samfunnsutvikling	498,0	
Bokkjøp bibliotek	50,0	
Aktivtør	359,3	Aktivtør blir samordna med folkehelseprosjekt med tilskott til stilling. 150.000 i tilskott. Lagt under kulturfunksjon
Barnevern	-600,0	Ikkje auke utover auken som kommunestyret gav hausten 2009
Papirlause møter	-100,0	Kopimaskin seies opp, redusert porto m.m - Innkjøp pc på investeringsbudsjettet med 400.000
Reduksjon strøm baseng grunna investeringer	-100,0	Investering føres opp på investeringsbudsjettet.

Vegljøs	-657,0	Fylkeskommunen overtar ansvaret frå 1.1.2010
Rest å skjære ned	291,7	
Tilskott ferietur Psykisk utviklingshemma	25,0	
Reservepotten - tilførsel	705,9	Slik at pott til reserve i 2010 blir 2,7 mill
Økonomikontor	-29,0	Jmf rådmannen sine tall 2.12
Reduksjon lønnsauke	-232,0	
Reduksjon pensjon	-3 949,0	Pensjon - jmf rådmannen sine tall 2.12
Styrking pleie og omsorg utover tall 25.11	2 575,0	Pensjon - jmf rådmannen sine tall 2.12
Skatt vært sett på i høve novembertal.		
Arbg,abg på sjukepengar ikkje teke hensyn til		
Berre for 2010 budsjettet:		
		Tall frå adm 27.11 pluss 0,5 mill grunna at politikkerne vil ha større investeringer i 2010 pga gunstig mva ordning i 2010
Auka mva komp frå investeringer	-2 500	
Pott til rådmannen for å gje kutt mindre enn heilårsverknad	4 206	For å gje alle reduksjonar gjennomsnittleg 9/12 månedseffekt i 2010. Full effekt i 2011
Bruk av pott til resserve slik at denne i 2010 går tilbake til 2 mill		Summen vert sett på i samband med endringar i tallbudsjettet.
Reduksjon i nedbetaling av oppsamla gjeld frå 5 til 4 mill i 2010	-1 000	1 mill ekstra føres opp i 2011. Det er mulig pga at då er det heilårsverknad på tiltak pluss langt lågare elevtal i skulen

Investeringsbudsjettet 2010

Investeringsbudsjettet 2010		
investering gps / data nattevakt	25	Legges inn for å forenkle arbeidsdagen for nattevakt på open omsorg - tatt på it investeringer
Ramme startlån	7 000 000	Økes låneramme. Då kan kommunen hjelpe fleire med lån. Og så spare på sosialhjelp.
Påbygg Storebø po-senter	5 000 000	Prosjektet startes i 2010. Politisk styringsgruppe
Selbjørn skule	6 000 000	
Storebø skule - sopp		
Turstier - Folkehelse	250	
Ungdomsskulen	2 400 000	
Kommunehuset	750 000	
Baseng	250 000	Sjekk med Eivind kva som bør føres opp
PC - for å få papirløsemøter	400 000	Summen er tippa
Ymse	1 470 000	
Bekkarvik fiskerihamn		Sum tilsvarende rådmannen sitt framlegg legges inn
Sum investering 2010	23 500 275	

Intensjon for 2011 og utover vert lagt fram i kommunestyret.

Generelt om budsjettframlegget:

Pga av alt for liten tid er tallene ikkje kvalitetssikra. Intensjonen er gjeldene, men tallene kan justeres etter nærmare kvalitetsikring.